



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Voldsfjorden, Volda rådhus  
**Dato:** 29.11.2016  
**Tid:** 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik, gjekk kl.16.05	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad, møtte kl. 12.30.	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Reprenterer
Erlend Krumsvik, kl 16.20	Margrete Bjerkvik	KRF

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Henrik Skovly	Økonomisjef, PS 228/16 og 229/16
Berit Sandvik Skeide	Planleggar, PS 227/16
Rune Totland	Teknisk sjef, OS 193/16, OS 194/16, PS 233/16 og PS 234/16
Jørgen Vestgarden	Utviklingssjef, OS 187/16
Svein Berg-Rusten	Ass. Helse- og omsorgssjef, PS 238/16
Heidi Istad	Planleggar, PS 226/16



## **SAKLISTE**

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
PS 224/16	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 225/16	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
OS 187/16	<b>Driftsbygningar som vert nytta til næringsføremål</b>
OS 193/16	<b>Trafikktrygging Vikebygdvegen</b>
OS 194/16	<b>Skulebakken på Lauvstad</b>
PS 226/16	<b>Planid 2016005 - Arealdelen - Fastsetting av planprogram</b>
PS 227/16	<b>Planid 2016006. Detaljreguleringsplan for Sevrinhaugen/Dokterhaugen, gnr. 19, gnr. 24 mfl. Handsaming etter offentleg ettersyn</b>
PS 230/16	<b>Utviding av barnevernssamarbeidet mellom Hareid- Ulstein- Volda og Ørsta</b>
PS 231/16	<b>Administrasjonsstader i nye politidistrikt - Fråsegn frå volda kommune</b>
PS 232/16	<b>Retningslinjer for bruken av næringsfond og kraftfond.</b>
PS 233/16	<b>Veglys Krumsvika Mørenett bygger ned luftspenn</b>
PS 234/16	<b>Reinvestering Dalsbygdvegen sikring mot utrasing.</b>
PS 235/16	<b>Fagdag i sektor helse og omsorg</b>
PS 241/16	<b>Forhandlingsutval for rådmannsløn</b>
PS 228/16	<b>Månadsrapportering oktober 2016</b>
PS 229/16	<b>Årsbudsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020</b>
PS 236/16	<b>Leigeregulativ for kommunale bygg 2017</b>
PS 237/16	<b>Gebyr for vatn og kloakk 2017</b>
PS 238/16	<b>Endring av betalingssatsar for helse- og omsorgstenester</b>



## VOLDA KOMMUNE

- PS 239/16      **Avfallsgebyr 2017**
- PS 240/16      **Gebyrsetter for tenester etter plan- og bygningslova, matrikkellova, konsesjonslova, jordlova og motorferdselslova**
- PS 242/16      **Orienteringssaker**
- OS 188/16      **Interne prosessar - organisering, delegering og styringssystem - politisk organisering - utsett iverksetjing.**
- OS 189/16      **Nyhetsbrev frå UDI Midt Norge november 2016**
- OS 190/16      **Engasjement av konsulent til å vurdere konsekvensane av plassering av idrettshall**
- OS 191/16      **Kommunereform**
- OS 192/16      **Arbeidsmiljøundersøkinga i sektor for helse- og omsorg, uoff. Offl. § 13 og fvl. § 13.**

### **PS 224/16 Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Handsaming:**

Innkalling:

Ettersendte dokument 28. november 2016:

- Vedlegg til PS 230/16. *Avtale om regionalt barnevernssamarbeid*, datert 11.11.2013.
- Vedlegg til PS 229/16. Eldrerådet og Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne. *Melding om politisk vedtak - Årsbudsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020*, datert 24.11.2016.

Sakliste:

Ordføraren kom med framlegg om følgjande endring og tillegg til saklista:

- PS 228/16 og PS 229/16 vert flytta til etter matpausen.
- Trafikktrygging Vikebygdvegen vert sett på saklista.
- Skulebakken på Lauvstad vert sett på saklista.

Dan Helge Bjørneset reiste spørsmål om status for Aldalsvegen. Teknisk sjef Rune Totland informerte om at vegen er ein fylkesveg og er vinterstengd frå Hunnes i Volda kommune til Vatne i Ørsta kommune. Volda kommune skal ha møte med Statens vegvesen i starten av januar, ordføraren vil ta opp spørsmålet om vinterstenging i dette møtet.



## VOLDA KOMMUNE

### **Røysting:**

Innkalling og sakliste, med endring og tillegg frå ordføraren, vart samrøystes godkjent.

### **PS 225/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

### **Handsaming:**

### **Røysting:**

Møteprotokollen frå førre møte den 22.11.2016, vart samrøystes godkjent.

### **OS 187/16 Driftsbygningar som vert nytta til næringsføremål**

Formannskapet har i tidlegare møte reist spørsmål om driftsbygningar som vert nytta som næringsføremål på bygdene, om desse sakene vert likt handsama i kommunen. Utviklingssjef Jørgen Vestgarden informerte om at regelverk regulerar kommunen si sakshandsaming innanfor dette området. I høve spørsmål om lovbrøt, har ikkje kommunen ressursar til å drive oppsøkande verksamheit, men kommunen pliktar å ta tak i dei sakene som vert rapportert inn til kommunen.

### **OS 193/16 Trafikktrygging Vikebygdvegen**

Teknisk sjef Rune Totland orienterte om trafikktryggingstiltak kring Vikebygda skule og krysset ned mot Botnavegen. Fartsregulerande tiltak vert sett på i samband med rullering av trafikktryggingssplanen.

Teknisk sektor vil montere rist framfor rør, i elv og sideelv, ved Vikebygda skule.

### **OS 194/16 Skulebakken på Lauvstad**

Teknisk sjef orienterte om prosjektet Skulebakken på Lauvstad. Prosjektering og anbuds konkurranse er utført. Prosjektet er pr. tid parkert i påvente av politisk vedtak. Prosjektet er klargjort til kontraktssignering, og vidare oppstart så snart finansiering av tiltak og kapasitet på byggeleing ligg føre.

### **PS 226/16 Planid 2016005 - Arealdelen - Fastsetting av planprogram**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Planprogram for kommuneplanen sin arealdel jf. vedlegg 3 datert 23.11.2016 vert godkjent i medhald av plan- og bygningslova §§ 4-1 og 11-13.*

### **Handsaming:**

Odd A. Folkestad møtte kl. 12.30.



## VOLDA KOMMUNE

Formannskapet bad om at endringar i dokumentet etter offentleg ettersyn, vert synleggjort til handsaminga i kommunestyret 15 desember.

**Røysting** (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i formannskapet - 29.11.2016 til kommunestyret:**

*Planprogram for kommuneplanen sin arealdel jf. vedlegg 3 datert 23.11.2016 vert godkjent i medhald av plan- og bygningslova §§ 4-1 og 11-13.*

**PS 227/16 Planid 2016006. Detaljreguleringsplan for Sevrinhaugen/Dokterhaugen, gnr. 19, gnr. 24 mfl. Handsaming etter offentleg ettersyn**

**Administrasjonen si tilråding:**

*Kommunestyret godkjenner i medhald av plan- og bygningslova, § 12-12, detalj-reguleringsplan for Sevrinhaugen/Dokterhaugen, gnr. 19, bnr. 24 mfl., med tilhøyrande reguleringsføresegner, sist datert 21.11.2016.*

*Dette er eit enkeltvedtak, som kan påklagast, jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og Forvaltningslova kapittel VI innan tre veker frå kunngjering.*

**Handsaming:**

Sølvi Dimmen reiste spørsmål om habilitet, ho er mor til ein mogleg framtidig brukar av bustadane. Jf. fvl. § 6. 2. ledd. Ho tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet:

Sølvi Dimmen vart kjend inhabil med seks røyster, to røysta imot (Dan Helge Bjørneset og Odd Harald Sundal).

Sakshandsamar Berit Sandvik Skeide orienterte om saka.

Odd Harald Sundal kom med slikt framlegg:

Nytt punkt 2 – *Kommunestyret vil kome tilbake til formål og utforming av bygg på Doktorhaugen ved eventuelle seinare behov for tilrettelagde bustader.*

Nytt punkt 3 – *Kommunestyret vil ta omsyn til høyringsvara i saka, og ber administrasjonen snarleg be tilbydarar av sentrale tomter om å gi tilbod på utbygging av 5 bustader for utviklingshemma i privat eller offentleg regi.*

Odd Harald Sundal trekte framlegget sitt.



## VOLDA KOMMUNE

Odd Harald Sundal kom med nytt framlegg:

*Kommunestyret vil kome attende med eiga sak før utbygging av området.*

**Røysting** (8 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen, med tillegget frå Odd Harald Sundal, vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i formannskapet - 29.11.2016 til kommunestyret:**

- 1. Kommunestyret godkjenner i medhald av plan- og bygningslova, § 12-12, detalj-reguleringsplan for Sevrinhaugen/Dokterhaugen, gnr. 19, bnr. 24 mfl., med tilhøyrande reguleringsføresegner, sist datert 21.11.2016.*

*Dette er eit enkeltvedtak, som kan påklagast, jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og Forvaltningslova kapittel VI innan tre veker frå kunngjering.*

- 2. Kommunestyret vil kome attende med eiga sak før utbygging av området.*

Sølvi Dimmen tok sete.

### **PS 230/16 Utviding av barnevernssamarbeidet mellom Hareid- Ulstein- Volda og Ørsta**

**Administrasjonen si tilråding:**

- 1. Volda kommunestyre sluttar seg til at Hornindal kommune går inn i det interkommunale barnevernssamarbeidet mellom Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta, jfr kl § 28b.*
- 2. Volda som vertskommune for det interkommunale barnevernstenesta inngår avtale med Hornindal kommune på same vilkår som gjeld for dei andre samarbeidskommunane/likelydande avtale.*
- 3. Utgifter til drifta samla sett (Kostra 244) og etter utviding med Hornindal kommune vert å dekkje innanfor vedtekne budsjettrammer inkl overføring frå Hornindal kommune.*

**Handsaming:**

Nytt saksframlegget vart delt ut i møtet. Det vart gjort ei endring i saksframlegget frå rådmannen, vedk. utgifter for drift for Hornindal kommune.

**Røysting** (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.



## VOLDA KOMMUNE

### Tilråding i formannskapet - 29.11.2016 til kommunestyret:

- 1. Volda kommunestyre sluttar seg til at Hornindal kommune går inn i det interkommunale barnevernssamarbeidet mellom Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta, jfr kl § 28b.*
- 2. Volda som vertskommune for det interkommunale barnevernstenesta inngår avtale med Hornindal kommune på same vilkår som gjeld for dei andre samarbeidskommunane/likelydande avtale.*
- 3. Utgifter til drifta samla sett (Kostra 244) og etter utviding med Hornindal kommune vert å dekkje innanfor vedtekne budsjетtrammer inkl overføring frå Hornindal kommune.*

### PS 231/16 Administrasjonsstader i nye politidistrikt - Fråsegn frå volda kommune

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Volda kommune viser til framlegget frå politimeisteren datert 21.10.2016. Kommunen syner vidare til saksutgreiinga og rår til at tenesteeiningane Søre og Indre Sunnmøre vert etablert som **eiga driftseining**.*

*I tillegg til det sentrale politikontoret i Volda/Ørsta på flyplassen støttar Volda kommune politimeisteren sitt framlegg om eigne tenestestader på Ytre og Indre Sunnmøre.*

#### **Handsaming:**

Dan Helge Bjørneset kom med slikt framlegg:

*Volda kommune viser til regjeringa si målsetting om dekningsgrad for operative politiressursar, og føreset at dette vert følgt opp ved innføring av politireforma.*

Det vart halde prøverøysting:

Punkt 1 fekk ni røyster

Punkt 2 fekk ni røyster

Framlegget frå Dan Helge Bjørneset fekk åtte røyster, Odd A. Folkestad røysta mot.

#### **Røysting** (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen, med framlegget frå Dan Helge Bjørneset, vart samrøystes vedteken.



## VOLDA KOMMUNE

### Vedtak i formannskapet - 29.11.2016 :

1. *Volda kommune viser til framlegget frå politimeisteren datert 21.10.2016. Kommunen syner vidare til saksutgreiinga og rår til at tenesteeiningane Søre og Indre Sunnmøre vert etablert som eiga driftseining.*
2. *I tillegg til det sentrale politikontoret i Volda/Ørsta på flyplassen støttar Volda kommune politimeisteren sitt framlegg om eigne tenestestader på Ytre og Indre Sunnmøre.*
3. *Volda kommune viser til regjeringa si målsetting om dekningsgrad for operative politiressursar, og føreset at dette vert følgt opp ved innføring av politireforma.*

### PS 232/16 Retningslinjer for bruken av næringsfond og kraftfond.

#### Administrasjonen si tilråding:

*Kommunestyret syner til at retningslinjene for næringsfond og kraftfond vart reviderte så seint som i K.sak 6/14 og held fast ved det vedtaket. Dersom Volda kommune igjen får tildelt midlar til næringsfond frå fylkeskommunen, skal midlane tildelast i samsvar med reviderte lokale retningslinjer for bruken av næringsfond fylke/stat slik det går fram av vedlegga til ovannemnde K.sak 6/14.*

#### Handsaming:

#### Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

#### Tilråding i formannskapet - 29.11.2016 til kommunestyret:

*Kommunestyret syner til at retningslinjene for næringsfond og kraftfond vart reviderte så seint som i K.sak 6/14 og held fast ved det vedtaket. Dersom Volda kommune igjen får tildelt midlar til næringsfond frå fylkeskommunen, skal midlane tildelast i samsvar med reviderte lokale retningslinjer for bruken av næringsfond fylke/stat slik det går fram av vedlegga til ovannemnde K.sak 6/14.*

### PS 233/16 Veglys Krumsvika Mørenett bygger ned luftspenn

#### Administrasjonen si tilråding:

*Kommunestyret finn ikkje å kunne løyve kr 893 000 til investering i gatelys for fire husstander langs kommuneveg Vika i Krumsvika.*





## VOLDA KOMMUNE

*Eingongskostnad på kr 75.000,- i riving av det kommunale veglysanlegget langs kommuneveg Vika vert dekt over drifta til teknisk sektor.*

### **Handsaming:**

Teknisk sjef Rune Totland var til stades under handsaminga av saka.

### **Røysting** (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i formannskapet - 29.11.2016 til kommunestyret:**

*Kommunestyret finn ikkje å kunne løyve kr 893 000 til investering i gatelys for fire husstander langs kommuneveg Vika i Krumsvika.*

*Eingongskostnad på kr 75.000,- i riving av det kommunale veglysanlegget langs kommuneveg Vika vert dekt over drifta til teknisk sektor.*

### **PS 234/16 Reinvestering Dalsbygdvegen sikring mot utrasing.**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Kommunestyret vedtek å løyve Kr 750.000 inkl mva til sikringsarbeid på Dalsbygdvegen.*

*Investeringa vert dekt slik:*

<i>Bruk av ubunde investeringsfond</i>	<i>kr 600 000</i>
<i>Momskompensasjon</i>	<i>kr 150 000</i>

### **Handsaming:**

Teknisk sjef Rune Totland var til stades under handsaminga av saka.

### **Røysting** (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i formannskapet - 29.11.2016 til kommunestyret:**

*Kommunestyret vedtek å løyve Kr 750.000 inkl mva til sikringsarbeid på Dalsbygdvegen.*

*Investeringa vert dekt slik:*

<i>Bruk av ubunde investeringsfond</i>	<i>kr 600 000</i>
<i>Momskompensasjon</i>	<i>kr 150 000</i>



## VOLDA KOMMUNE

### **PS 235/16 Fagdag i sektor helse og omsorg**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Kommunestyret tek informasjon om fagdag i helse- og omsorgssektoren til vitende og vil innarbeide tiltaket i budsjettet og økonomiplanen for perioden 2017 – 2020.*

#### **Handsaming:**

Formannskapet kom med slikt fellesframlegg:

*Kommunestyret tek informasjon om fagdag i helse- og omsorgssektoren til vitende.*

#### **Røysting (9 røysteføre):**

Det vart røysta alternativt mellom fellesframlegget og tilrådinga frå administrasjonen. Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

#### **Tilråding i formannskapet - 29.11.2016 til kommunestyret:**

*Kommunestyret tek informasjon om fagdag i helse- og omsorgssektoren til vitende.*

### **PS 241/16 Forhandlingsutval for rådmannsløn**

#### **Handsaming:**

Ordføraren kom med slikt framlegg:

*Ordfører, varaordfører og Dan Helge Bjørneset får fullmakt til å forhandle løn med rådmannen.*

#### **Røysting (9 røysteføre):**

Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke

#### **Vedtak i Formannskapet - 29.11.2016**

*Ordfører, varaordfører og Dan Helge Bjørneset får fullmakt til å forhandle løn med rådmannen.*

### **PS 228/16 Månadsrapportering oktober 2016**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Formannskapet tek månadsrapporten for oktober til vitende.*



## VOLDA KOMMUNE

### **Handsaming:**

Økonomisjef Henrik Skovly var til stades under handsaminga av saka.

### **Røysting** (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Formannskapet - 29.11.2016**

*Formannskapet tek månadsrapporten for oktober til vitende.*

### **PS 229/16 Årsbudsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

- 1. Skatt på inntekt og formue for 2017 skal skrivast ut i samsvar med maksimalsatsane som Stortinget vedtek.*
- 2. Volda kommune si netto driftsramme i 2017 (fordelt til drift) vert vedteken som vist i budsjettskjema 1A.*
- 3. Volda kommune si netto driftsramme 2018-2020 (fordelt til drift) vert vedteken som vist i budsjettskjema 1A.*
- 4. Brutto og netto budsjetttrammer for sektorane i 2017 vert vedtekne som vist i Budsjettskjema 1B, med dei tiltaka som framgår av budsjettdokumentet.*
- 5. Brutto og netto budsjetttrammer for sektorane i 2018-2020 vert vedtekne som vist i Budsjettskjema 1B.*
- 6. Investeringar i 2017 blir som vist i budsjettskjema 2B. Finansiering av investeringane vert vedteken som vist i budsjettskjema 2A.*
- 7. Det vert i 2017 gjort låneopptak på kr 230.226.400. 5 mill kr av dette beløpet er knytt til Startlån.*
- 8. Investeringar i 2018-2020 blir som vist i budsjettskjema 2B. Finansiering av investeringane blir vedtekne som vist i budsjettskjema 2A .*
- 9. Ubrukte løyvingar på investeringsbudsjettet for inneverande år (2016) vert overført til 2017.*



## VOLDA KOMMUNE

10. Kommunestyret vedtek å skrive ut eigedomsskatt på all fast eigedom i heile kommunen i 2017, jamfør eigedomsskattelova § 2 og § 3 bokstav a).
11. Kommunestyret vel å nytte bustadverdier (formuesgrunnlag utarbeidd av Skatteetaten) som metode ved taksering av bustadeigedomar. Andre eigedomar vert verdsett ved taksering etter eigedomsskattelova § 8 A-2.
12. Skattesatsen i 2017 vert sett i medhald av eigedomsskattelova § 11 og § 13 til 2 %.
13. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter.
14. Eigedomsskatten skal betalast i 2 terminar.
15. Nye tiltak og saldering for budsjettåret 2017, vert vedtekne i samsvar med omtale i kapittel 1 i budsjettdokumentet.
16. Løyving frå kraftfondet vert vedteke i samsvar med omtale i kapittel 2.9 i budsjettdokumentet.
17. Kommunestyret syner til budsjettdokumentet og ber om ei fagleg utgreiing med forslag til konkrete mål og strategiar for løysing av utfordringane i drifta av Helse og omsorgssektoren. Dette inneber også løysingar for korleis tenestene i åra framover kan drivast på nivå med samanliknbare kommunar og normert nivå. Driftsstyret og formannskapet vil vere referansegruppe under utgreiingsprosessen. Utgreiinga vert lagt fram som sak for handsaming i kommunestyret i juni 2017.
18. Volda næringsforum må leggje fram møteplan og følgje opp forretningsordenen overfor kommunen som medlem i foreininga for å få utbetalt tilskot.
19. Budsjettet og økonomiplanen vert elles vedteken på dei mål og premissar som framgår av budsjett- og økonomiplandokumentet.
20. Det vert lagt fram enkeltsaker for avklaring av føringar slik dei vart foreslått av den politiske økonomigruppa i sitt framlegg handsama av kommunestyret i K-sak 107/16.
21. Satsane for drifstilskot til private ordinære barnehagar i 2017 vert som vist i tabell nr 2 i saksutgreiinga.
22. Kommunen skal gi kapitaltilskot til private ordinære barnehagar per heiltids plass ut i frå barnehagebygget sitt byggeår. Satsane for tilskotet vert fastsett av departementet.
23. Satsen for tilskot til private opne barnehagar i 2017 vert som vist i tabell nr 4 i saksutgreiinga.
24. Det vert oppretta ei stilling som prosjektleiar bygg (engasjement på 3 år).
25. Det vert oppretta ei stilling som prosjektleiar teknisk anlegg (engasjement på 3 år).



## **Handsaming:**

Ettersendte dokument 28. november:

- Eldrerådet og Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne. *Melding om politisk vedtak - Årsbudsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020, datert 24.11.2016.*

Økonomisjef Henrik Skovly, økonomikonsulent Andreea Beleuta og rekneskapssjef Marija Ostojic var til stades under handsaminga av saka.

Odd A. Folkestad, Volda FrP, kom med slikt framlegg:

- 1. Budsjettrammene for sektorane for 2017 vert i høve til rådmannens budsjettforslag samla å redusere med kr. 7.000.000,-. – Rådmannen får fullmakt til å fordele korleis budsjettrammereduksjonen skal fordelast på sektorane.*
- 2. Det vert i årsbudsjettet for 2017 løyvt kr. 1.000.000,- for trivseltiltak for eldre som bur på eldre-/omsorgsbustader som kommunen driv. Korleis denne løyvinga skal fordelast vert å avgjere av kommunestyret i ei seinare sak som skal handsamast i februar 2017.*
- 3. Med tilvising til pkt. 2. og 3 framfor vert såleis bruk av disposisjonsfondet for saldering av budsjettet redusert frå kr. 18.503.432 til kr. 12.503.432.*
- 4. Det er kommunestyret sin intensjon at eigedomsskatten ut økonomiplanperioden ikkje skal aukast frå 2 0/00.*

Partia Raud-grøne (Arbeidarpartiet, Venstre, Senterpartiet og Sosialistisk venstreparti) kom med slikt fellesframlegg:

Nytt punkt 17.

*Kommunestyret viser til budsjettdokumenter og ber om ei fagleg utgreiing med forslag til konkrete mål og strategiar for løysing av utfordringane i drifta av Helse og omsorgssektoren. Dette gjeld spesielt i høve til satsing på kvardagsrehabilitering, ressurskrevjande pasientar innanfor demensomsorga, rus og psykiatri og heiltidskultur. Driftsstyret og formannskap vil vere referansegrupper under utgreiingsprosessen. Utgreiinga skal gjerast i samarbeid med partane og vert å legge fram som sak for kommunestyret i juni 2017.*

*Nye punkt:*



## VOLDA KOMMUNE

26. *Felleskjøkkenet. I brev frå Forbrukerrådet 21.4.16 og LMD 22.4.16 er det peika på aukande utfordringar med underernæring av eldre og at kommunane treng ein offensiv mat- og måltidspolitik. I investeringsbudsjettet er det forslag om utskifting av utstyr på felleskjøkkenet og i omsorgsavdelingane. Kommunestyret vil be om utgreiing av Volda kommune sine mat- og måltidsrutinar og -utfordringar og med konkrete tiltak. Ekstern ekspertise bør nyttast. Framtidige større investeringar blir utsett tilsvarende.*

27. *Valdskoordinator. For å samordna valdsførebyggande arbeid på Søre Sunnmøre bør det opprettast heil stilling som valdskoordinator i regionen og knytt til politiet og det sams barnevernet. Volda bidreg med minst 20% av stillinga. Dekning disposisjonsfondet.*

28. *Frivilligkoordinatorar helse og omsorg. Dei to stillingane blir auka frå 20% til 40%. Dekning disposisjonsfondet.*

29. *Hovudverneombod. Stillinga blir auka frå 20% til 40%. Dekning disposisjonsfondet.*

30. *Kommunestyret ber administrasjonen legge fram ei vurdering av søskenrabatt mellom barnehage og SFO-innan revidert budsjett skal vedtakast.*

Dan Helge Bjørneset, H, kom med slikt framlegg, nytt punkt 32:

*Kommunestyret ynskjer at Volda kommune skal ha eit sterkare brukarperspektiv på sine tenester. I kommunen sine målkart skal det difor innførast ein kvalitetsindikator for sektorane som ivaretek dette. Positive tiltak som oppretting av pårørandegrupper o.l. skal stimulerast.*

Anders Egil Straume kom med slikt framlegg, nytt punkt 33:

*Rådmannen utredar kostnadane ved å privatisere barnehagar. Mhht til mulige innsparingar i investeringane i barnehagane.*

Formannskapet kom med slikt fellesframlegg:

Nytt punkt 31.

*Lokale til ungdomsklubben vert vurdert løyst i samband med rehabilitering av Volda samfunnshus. Inntil vidare vert ungdomsklubben flytta til meir tilfredstillande lokale enn dei har i dag, fortrinnsvis i andre kommunale lokale eller i leigde lokale. Ev. leige av lokale for ei slik mellombels periode vert å dekkje gjennom budsjettkorrigering.*

Det vart halde prøverøysting over framlegga frå Odd A. Folkestad:

Punkt 1 fekk 4 røyster (Odd A. Folkestad, Anders Egil Straume, Margrete Bjerkvik og Dan Helge Bjørneset), fem røysta imot.

Punkt 2 fekk fem røyster, fire røysta mot (Jørgen Amdam, Odd Harald Sundal, Sølvi Dimmen og Gunnar Strøm).



## VOLDA KOMMUNE

Punkt 3 fekk fire røyster (Odd A. Folkestad, Anders Egil Straume, Margrete Bjerkvik og Dan Helge Bjørneset), fem røysta imot.

Punkt 4 fekk fem røyster, fire røysta imot (Jørgen Amdam, Odd Harald Sundal, Fride Sortehaug og Gunnar Strøm).

**Røysting** (til og med punkt 19 ni røysteføre, frå punkt 20 åtte røysteføre):

Framlegget frå Odd A. Folkestad:

Punkt 1 fekk tre røyster (Odd A. Folkestad, Dan Helge Bjørneset og Margrete Bjerkvik) og fall, seks røysta imot.

Punkt 2 fekk ei røyst (Odd A. Folkestad) og fall, åtte røysta imot.

Punkt 3 fekk ei røyst (Odd A. Folkestad) og fall, åtte røysta imot.

Punkt 4 fekk fire røyster (Odd A. Folkestad, Dan Helge Bjørneset, Margrete Bjerkvik og Anders Egil Straume) og fall, fem røysta imot.

Tilrådinga frå administrasjonen:

Punkt 1 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

Punkt 2 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

Punkt 3 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

Punkt 4 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

Punkt 5 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

Punkt 6 i tilrådinga frå administrasjonen fekk fem røyster og vart vedteke, fire røysta imot (Odd A. Folkestad, Anders Egil Straume, Margrete Bjerkvik og Dan Helge Bjørneset).

Punkt 7 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

Punkt 8 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

Punkt 9 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

Punkt 10 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

Punkt 11 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

Punkt 12 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

Punkt 13 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

Punkt 14 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

Punkt 15 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

Punkt 16 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

Punkt 17 – det vart røysta alternativt mellom fellesframlegget frå Raud-grøn (A, V, SP og SV) og tilrådinga frå administrasjonen. Fellesframlegget fekk seks røyster og vart vedteke, tre røysta imot (Odd A. Folkestad, Margrete Bjerkvik og Anders Egil Straume).

Punkt 18 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

Punkt 19 i tilrådinga frå administrasjonen fekk seks røyster og vart vedteke, tre røysta imot (Odd A. Folkestad, Anders Egil Straume og Dan Helge Bjørneset)

Margrete Bjerkvik gjekk kl. 16.05, det var åtte røysteføre i framhald av saka.

Punkt 20 i tilrådinga frå administrasjonen fekk sju røyster og vart vedteke, Odd A. Folkestad røysta imot.

Punkt 21 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

Punkt 22 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

Punkt 23 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.



## VOLDA KOMMUNE

Punkt 24 i tilrådinga frå administrasjonen fekk fem røyster og vart vedteke, tre røysta imot (Odd A. Folkestad, Anders Egil Straume og Dan Helge Bjørneset).

Punkt 25 i tilrådinga frå administrasjonen fekk seks røyster og vart vedteke, to røysta imot (Odd A. Folkestad og Anders Egil Straume).

Nytt punkt 26 - fellesframlegg frå Raud-grøn liste vart samrøystes vedteke.

Nytt punkt 27 - fellesframlegg frå Raud-grøn liste fekk seks røyster og vedteke, to røysta imot (Odd A. Folkestad og Dan Helge Bjørneset).

Nytt punkt 28 - fellesframlegg frå Raud-grøn liste fekk fem røyster og vedteke, tre røysta imot (Odd A. Folkestad, Anders Egil Straume og Dan Helge Bjørneset).

Nytt punkt 29 - fellesframlegg frå Raud-grøn liste fekk fem røyster og vedteke, tre røysta imot (Odd A. Folkestad, Anders Egil Straume og Dan Helge Bjørneset).

Nytt punkt 30 - fellesframlegg frå Raud-grøn liste fekk seks røyster og vedteke, to røysta imot (Odd A. Folkestad og Dan Helge Bjørneset).

Nytt punkt 31 – fellesframlegg vedk. ungdomsklubben, vart samrøystes vedteke.

Nytt punkt 32 – framlegg frå Dan Helge Bjørneset, vart samrøystes vedteke.

Nytt punkt 33 – frå Anders Egil Straume, fekk tre røyster (Anders Egil Straume, Odd A. Folkestad og Dan Helge Bjørneset) og fall, fem røysta imot.

### **Tilråding i formannskapet - 29.11.2016 til kommunestyret:**

- 1. Skatt på inntekt og formue for 2017 skal skrivast ut i samsvar med maksimalsatsane som Stortinget vedtek.*
- 2. Volda kommune si netto driftsramme i 2017 (fordelt til drift) vert vedteken som vist i budsjettskjema 1A.*
- 3. Volda kommune si netto driftsramme 2018-2020 (fordelt til drift) vert vedteken som vist i budsjettskjema 1A.*
- 4. Brutto og netto budsjettrammer for sektorane i 2017 vert vedtekne som vist i Budsjettskjema 1B, med dei tiltaka som framgår av budsjettdokumentet.*
- 5. Brutto og netto budsjettrammer for sektorane i 2018-2020 vert vedtekne som vist i Budsjettskjema 1B.*
- 6. Investeringar i 2017 blir som vist i budsjettskjema 2B. Finansiering av investeringane vert vedteken som vist i budsjettskjema 2A.*
- 7. Det vert i 2017 gjort låneopptak på kr 230.226.400. 5 mill kr av dette beløpet er knytt til Startlån.*
- 8. Investeringar i 2018-2020 blir som vist i budsjettskjema 2B. Finansiering av investeringane blir vedtekne som vist i budsjettskjema 2A .*





## VOLDA KOMMUNE

9. *Ubrukte løyvingar på investeringsbudsjettet for inneverande år (2016) vert overført til 2017.*
10. *Kommunestyret vedtek å skrive ut eigedomsskatt på all fast eigedom i heile kommunen i 2017, jamfør eigedomsskattelova § 2 og § 3 bokstav a).*
11. *Kommunestyret vel å nytte bustadverdier (formuesgrunnlag utarbeidd av Skatteetaten) som metode ved taksering av bustadeigedomar. Andre eigedomar vert verdsett ved taksering etter eigedomsskattelova § 8 A-2.*
12. *Skattesatsen i 2017 vert sett i medhald av eigedomsskattelova § 11 og § 13 til 2 %.*
13. *Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter.*
14. *Eigedomsskatten skal betalast i 2 terminar.*
15. *Nye tiltak og saldering for budsjettåret 2017, vert vedtekne i samsvar med omtale i kapittel 1 i budsjettdokumentet.*
16. *Løyving frå kraftfondet vert vedteke i samsvar med omtale i kapittel 2.9 i budsjettdokumentet.*
17. *Kommunestyret viser til budsjettdokumenter og ber om ei fagleg utgreiing med forslag til konkrete mål og strategiar for løysing av utfordringane i drifta av Helse og omsorgssektoren. Dette gjeld spesielt i høve til satsing på kvardagsrehabilitering, ressurskrevjande pasientar innanfor demensomsorga, rus og psykiatri og heiltidskultur. Driftsstyret og formannskap vil vere referansegrupper under utgreiingsprosessen. Utgreiinga skal gjerast i samarbeid med partane og vert å legge fram som sak for kommunestyret i juni 2017.*
18. *Volda næringsforum må leggje fram møteplan og følgje opp forretningsordenen overfor kommunen som medlem i foreininga for å få utbetalt tilskot.*
19. *Budsjettet og økonomiplanen vert elles vedteken på dei mål og premissar som framgår av budsjett- og økonomiplandokumentet.*
20. *Det vert lagt fram enkeltsaker for avklaring av føringar slik dei vart foreslått av den politiske økonomigruppa i sitt framlegg handsama av kommunestyret i K-sak 107/16.*
21. *Satsane for driftstilskot til private ordinære barnehagar i 2017 vert som vist i tabell nr 2 i saksutgreiinga.*
22. *Kommunen skal gi kapitaltilskot til private ordinære barnehagar per heiltidsplass ut i frå barnehagebygget sitt byggeår. Satsane for tilskotet vert fastsett av departementet.*



## VOLDA KOMMUNE

23. *Satsen for tilskot til private opne barnehagar i 2017 vert som vist i tabell nr 4 i saksutgreiinga.*
24. *Det vert oppretta ei stilling som prosjektleiar bygg (engasjement på 3 år).*
25. *Det vert oppretta ei stilling som prosjektleiar teknisk anlegg (engasjement på 3 år).*
26. *Felleskjøkkenet. I brev frå Forbrukerrådet 21.4.16 og LMD 22.4.16 er det peika på aukande utfordringar med underernæring av eldre og at kommunane treng ein offensiv mat- og måltidspolitik. I investeringsbudsjettet er det forslag om utskifting av utstyr på felleskjøkkenet og i omsorgsavdelingane. Kommunestyret vil be om utgreiing av Volda kommune sine mat- og måltidsrutinar og -utfordringar og med konkrete tiltak. Ekstern ekspertise bør nyttast. Framtidige større investeringar blir utsett tilsvarande.*
27. *Valdskoordinator. For å samordna valdsførebyggande arbeid på Søre Sunnmøre bør det opprettast heil stilling som valdskoordinator i regionen og knytt til politiet og det sams barnevernet. Volda bidreg med minst 20% av stillinga. Dekning disposisjonsfondet.*
28. *Frivilligkoordinatorar helse og omsorg. Dei to stillingane blir auke frå 20% til 40%. Dekning disposisjonsfondet.*
29. *Hovudverneombod. Stillinga blir auka frå 20% til 40%. Dekning disposisjonsfondet.*
30. *Kommunestyret ber administrasjonen legge fram ei vurdering av søskenrabatt mellom barnehage og SFO-innan revidert budsjett skal vedtakast.*
31. *Lokale til ungdomsklubben vert vurdert løyst i samband med rehabilitering av Volda samfunnshus. Inntil vidare vert ungdomsklubben flytta til meir tilfredstillande lokale enn dei har i dag, fortrinnsvis i andre kommunale lokale eller i leigde lokale. Ev. leige av lokale for ei slik mellombels periode vert å dekkje gjennom budsjettkorrigering.*
32. *Kommunestyret ynskjer at Volda kommune skal ha eit sterkare brukarperspektiv på sine tenester. I kommunen sine målkart skal det difor innførast ein kvalitetsindikator for sektorane som ivaretek dette. Positive tiltak som oppretting av pårørandegrupper o.l. skal stimulerast.*

### PS 236/16 Leigeregulativ for kommunale bygg 2017

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Kommunestyret vedtek å godkjenne vedlagte leigeregulativ for kommunale bygg i Volda kommune, datert 18.11.2016. Framlegg til nye leigesatsar gjeld frå 01.01.2017*

#### **Handsaming:**

Varamedlem Erlend Krumsvik tok sete kl. 16.20.



## VOLDA KOMMUNE

### **Røysting** (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i formannskapet - 29.11.2016 til kommunestyret:**

*Kommunestyret vedtek å godkjenne vedlagte leigeregulativ for kommunale bygg i Volda kommune, datert 18.11.2016. Framlegg til nye leigesatsar gjeld frå 01.01.2017*

### **PS 237/16 Gebyr for vatn og kloakk 2017**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

1. *Gebyr for vatn vert auka med 5% i abonnementsgebyr og 5% i forbruksgebyr i høve satsane for 2016.*
2. *Leigegebyr for vassmålarar aukast med 5% i høve satsane for 2016.*
3. *Tilleggsgebyr for avlesing av vassmålar, dersom kommunen må på staden og lese av målar, vert vidareført med sats frå 2016.*
4. *Gebyr for avlaup vert auka med 5% i abonnementsgebyr og 5% i forbruksgebyr for hytte/fritidshus, bustad og for næringsseigedomar i høve satsane for 2016.*
5. *Satsane for eingongsgebyr for tilknytning for vatn og avløp er uendra utover satsane for 2016.*
6. *Kommunalt vatn- og avlaup skal driftast etter sjølvkostprinsippet.*
7. *Gebyr for feiing vert vedteke etter gjeldande satsar i vedlegg «Gebyrregulativ feiing 2017»*

#### **Handsaming:**

### **Røysting** (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i formannskapet - 29.11.2016 til kommunestyret:**

1. *Gebyr for vatn vert auka med 5% i abonnementsgebyr og 5% i forbruksgebyr i høve satsane for 2016.*
2. *Leigegebyr for vassmålarar aukast med 5% i høve satsane for 2016.*
3. *Tilleggsgebyr for avlesing av vassmålar, dersom kommunen må på staden og lese av målar, vert vidareført med sats frå 2016.*
4. *Gebyr for avlaup vert auka med 5% i abonnementsgebyr og 5% i forbruksgebyr for hytte/fritidshus, bustad og for næringsseigedomar i høve satsane for 2016.*
5. *Satsane for eingongsgebyr for tilknytning for vatn og avløp er uendra utover satsane for 2016.*
6. *Kommunalt vatn- og avlaup skal driftast etter sjølvkostprinsippet.*



## VOLDA KOMMUNE

### 7. Gebyr for feiing vert vedteke etter gjeldande satsar i vedlegg «Gebyrregulativ feiing 2017»

#### PS 238/16 Endring av betalingsatsar for helse- og omsorgstenester

##### Administrasjonen si tilråding:

Eigenbetaling for kommunale omsorgstenester for 2017 vert slik:

##### Praktisk bistand, herunder også brukarstyrt personleg assistanse:

G= 92.576,-	Inntektsgrunnlag	2016	2017, pr. mnd
<2G	Inntekt<185.152,-	190,-	200,-*
2 – 3G	185.153,- - 277.728,-	1.020,-	1.200,-**
3 – 4G	277.729,- - 370.304,-	1.390,-	1.500,-**
4 – 5G	370.305,- - 462.880,-	1.750,-	1.800,-**
>5G	462.881,->	2.100,-	2.100,-**
Timesats for enkelttimar, sjølvkostbeløp		357,-	357,-**

##### Sal av mat:

	Kommentar	2016	2017
Sal av middag på institusjon og bufellesskap		80	90**
Sal av frukost i inst. og bufellesskap		35	50**
Sal av kveldsmat i inst. og bufellesskap		35	50**
Varm mat levert i privat heim		92	100**
Kald mat levert i privat heim		80	85
Fullkost pr. døgn		150	190**
Fullkost pr. mnd.		4.562	4.900,-**

##### Tenester:

	Kommentar	2016	2017
Korttidsopphald på institusjon	Statleg fastsett døgnpris	150	155*
Dagopphald på institusjon	Statleg fastsett	80	??*
Nattopphald på institusjon	Statleg fastsett	80	??*
Tryggleiksalarm pr. mnd.	Lik pris i sjustjerna	310	320**
Alarmknapp i bufellesskap	Pr. mnd.	150	150
Leige av bodareal pr. mnd.	Inkl. i husleige for dei i bufellesskap	340	340
Overnatting for pårørande	Legeloftet, Fjordsyn, døgnleige utan kost	270	280
Leige av treningssal	Eksterne personar/grupper, pr. time	250	250
Leige av bibliotek ved kaffistova	Avstengt til lukka arrangement	500	500
	Til konfirmasjonar	1.240	1.300
Leige av kafeteria(kaffistova)		1.340	1.380



## VOLDA KOMMUNE

Dagsenteret	Kveld og helg, inntil 3. timar	620	620
	Konfirmasjonar mm	1.340	1.380

### Dagsenteret for eldre på omsorgssenteret:

		2016	2017
Tilbod på dagsenteret (tilbodet inkluderer ***)	Kostnad pr. dag	225	237
***Dagtilbod med aktivisering og underhaldning		62	62
***Transport		65	65
***Middag og kaffemat		99	110
Frukost kjem i tillegg for dei som ynskjer det		35	50**

### Kurdøgnpris:

Utrekna etter statlege føringar		2016	2017
Kurdøgnpris, kommunal kostnad pr. seng pr. natt	Ikkje betalingsatts	2.311,-	2.429,-

### Hamna dagsenter:

Kva	Pris	Lengd
Ein skuletime, bruk av sanserom inkl. berøringsterapeut.	600,-	45 min
Ein skuletime, bruk av sanserom utan berøringsterapeut	300,-	60 min
Matpengar, lunsj og kaffe mm. Lik sum med frukost x 20/mnd	700,-*	1 mnd

\*Alle satsar merka med stjerne vert fastsett i sentral forskrift.

\*\* Satsane merka med to stjerner er prissett gjennom samarbeid med sjustjerner kommunane. Satsane som står i kolonne "2017" er endra frå 2016, men dei statleg fastsette prisane er ikkje vedtekne endå, men når dei er gjort kjende endrar vi desse satsane.

Endringane for alle nye satsar er gjeldande frå 01.01.2017.

### Handsaming:

#### Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen fekk sju røyster og vart vedteken, to røysta imot (Sølvi Dimmen og Odd A. Folkestad).

### Tilråding i formannskapet - 29.11.2016 til kommunestyret:

Eigenbetaling for kommunale omsorgstenester for 2017 vert slik:

#### Praktisk bistand, herunder også brukarstyrt personleg assistanse:

G= 92.576,-	Inntektsgrunnlag	2016	2017, pr. mnd
<2G	Inntekt<185.152,-	190,-	200,-*
2 – 3G	185.153,- - 277.728,-	1.020,-	1.200,-**
3 – 4G	277.729,- - 370.304,-	1.390,-	1.500,-**
4 – 5G	370.305,- - 462.880,-	1.750,-	1.800,-**
>5G	462.881,->	2.100,-	2.100,-**



## VOLDA KOMMUNE

Timesats for enkelttimar, sjølvkostbeløp	357,-	357,-**
--	-------	---------

### Sal av mat:

	Kommentar	2016	2017
Sal av middag på institusjon og bufellesskap		80	90**
Sal av frukost i inst. og bufellesskap		35	50**
Sal av kveldsmat i inst. og bufellesskap		35	50**
Varm mat levert i privat heim		92	100**
Kald mat levert i privat heim		80	85
Fullkost pr. døgn		150	190**
Fullkost pr. mnd.		4.562	4.900,-**

### Tenester:

	Kommentar	2016	2017
Korttidsopphald på institusjon	Statleg fastsett døgnpris	150	155*
Dagopphald på institusjon	Statleg fastsett	80	??*
Nattopphald på institusjon	Statleg fastsett	80	??*
Tryggleiksalarm pr. mnd.	Lik pris i sjustjerna	310	320**
Alarmknapp i bufellesskap	Pr. mnd.	150	150
Leige av bodareal pr. mnd.	Inkl. i husleige for dei i bufellesskap	340	340
Overnatting for pårørende	Legeloftet, Fjordsyn, døgnleige utan kost	270	280
Leige av treningssal	Eksterne personar/grupper, pr. time	250	250
Leige av bibliotek ved kaffistova	Avstengt til lukka arrangement	500	500
	Til konfirmasjonar	1.240	1.300
Leige av kafeteria(kaffistova)		1.340	1.380
Dagsenteret	Kveld og helg, inntil 3. timar	620	620
	Konfirmasjonar mm	1.340	1.380

### Dagsenteret for eldre på omsorgssenteret:

		2016	2017
Tilbod på dagsenteret(tilbodet inkluderer ***)	Kostnad pr. dag	225	237
***Dagtilbod med aktivisering og underhaldning		62	62
***Transport		65	65
***Middag og kaffemat		99	110
Frukost kjem i tillegg for dei som ynskjer det		35	50**

### Kurdøgnpris:

Utrekna etter statlege føringar		2016	2017
Kurdøgnpris, kommunal kostnad pr. seng pr. natt	Ikkje betalingsats	2.311,-	2.429,-

### Hamna dagsenter:

Kva	Pris	Lengd
-----	------	-------



## VOLDA KOMMUNE

Ein skuletime, bruk av sanserom inkl. berøringsterapeut.	600,-	45 min
Ein skuletime, bruk av sanserom utan berøringsterapeut	300,-	60 min
Matpengar, lunsj og kaffe mm. Lik sum med frukost x 20/mnd	700,-*	1 mnd

\*Alle satsar merka med stjerne vert fastsett i sentral forskrift.

\*\* Satsane merka med to stjerner er prissett gjennom samarbeid med sjustjernerkommunane. Satsane som står i kolonne ”2017” er endra frå 2016, men dei statleg fastsette prisane er ikkje vedtekne endå, men når dei er gjort kjende endrar vi desse satsane.

Endringane for alle nye satsar er gjeldande frå 01.01.2017.

### **PS 239/16 Avfallsgebyr 2017**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Kommunestyret vedtek å godkjenne justering av avfallsgebyr for 2017 i samsvar med vedlagt gebyrregulativ, datert 29.09.2016.*

#### **Handsaming:**

#### **Røysting** (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

#### **Tilråding i formannskapet - 29.11.2016 til kommunestyret:**

*Kommunestyret vedtek å godkjenne justering av avfallsgebyr for 2017 i samsvar med vedlagt gebyrregulativ, datert 29.09.2016.*

### **PS 240/16 Gebyrsatser for tenester etter plan- og bygningslova, matrikkellova, konsesjonslova, jordlova og motorferdselslova**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Prisar på tenester ved utviklingssektoren vert vedtekne som vist i vedlegget ”Prisar på tenester for 2017, utviklingssektoren”.*

*Heimel for vedtaket er Plan- og bygningslova § 33-1, Matrikkellova § 32, Matrikkelforskrifta § 16, Lov om eierseksjoner § 7 og Forskrift om gebyr for konsesjonsbehandling m.m.*

*Gebyrsatsane vert gjort gjeldande frå 01.01.2017.*



## **Handsaming:**

### **Røysting** (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i formannskapet - 29.11.2016 til kommunestyret:**

*Prisar på tenester ved utviklingssektoren vert vedtekne som vist i vedlegget "Prisar på tenester for 2017, utviklingssektoren".*

*Heimel for vedtaket er Plan- og bygningslova § 33-1, Matrikkellova § 32, Matrikkelforskrifta § 16, Lov om eierseksjoner § 7 og Forskrift om gebyr for konsesjonsbehandling m.m.*

*Gebysatsane vert gjort gjeldande frå 01.01.2017.*

### **PS 242/16 Orienteringssaker**

**OS 188/16 Interne prosessar - organisering, delegering og styringssystem - politisk organisering - utsett iverksetjing.**

### **OS 189/16 Nyhetsbrev frå UDI Midt Norge november 2016**

Ordføraren orienterte om at Volda statlege mottak skal leggest ned. Ordføraren informerte om at Volda har gode resultat innanfor integrasjonsarbeidet og vil sende brev til innvandrings- og integreringsministeren om dette. Formannskapet vil få brevet til orientering.

**OS 190/16 Engasjement av konsulent til å vurdere konsekvensane av plassering av idrettshall**

### **OS 191/16 Kommunereform**

Program for kommunereformsamlinga den 8. desember vart delt ut. Ordføraren orienterte om agenda for møte i den mellomelse fellesnemnda 8. desember.

### **OS 192/16 Arbeidsmiljøundersøkinga i sektor for helse- og omsorg**

Odd Harald Sundal reiste spørsmål om habilitet, han arbeider i helse- og omsorgssektoren og har delteke i arbeidsmiljøprosessen, jf. fvl. § 6. 2.l. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmålet om habilitet.





## VOLDA KOMMUNE

Røysting habilitet:

Odd Harald Sundal vart samrøystes kjent inhabil.

Det vart 7 røysteføre i framhald av møtet.

Ordføraren kom med framlegg om at møtet skulle lukkast, jf. kl. § 31, nr.2 og offl. § 13 og fvl. § 13.

Det vart samrøystes vedteke at møtet skulle lukkast.

Arbeidsmiljøprosess Volda kommune, helse og omsorg. Sluttrapport, datert 30.09.2016 vart delt ut i møtet.

Rådmannen orienterte.

Det vart samrøystes vedteke at møtet skulle opnast, jf. kl. § 31.

Møtet slutt kl. 17:20

Rett utskrift,

Volda kommune, servicekontoret

30.11.2016

Sonja Håvik

konsulent